

Vågå Kulturskulø 2018-19



Likar du å danse? - eller syngje?
Har du lyst til å lære å spele eit instrument?
Har du ein skodespelar i magen?
Vil du teikne, måle eller lage noko fint?

Da er kanskje kulturskulen noko for deg.
Vi ønskjer deg velkomen som søkjar!



I kulturskulen får du undervisning av flinke lærarar som er høgt utdanna i faget sitt og som elsker å undervise! Du får undervisning ein gong i veka, aleine eller saman med andre. Blir du med i skulekorpset får du spele saman med andre to gonger i veka.

Undervisninga er for det meste etter skuletid, måndagar til torsdagar. Nokre elevar får undervisning i skuletida etter avtale mellom lærar, skule og heim.

Vi held til på ulike stader:

Aktivitetshuset, Vågåmo skule, Gemostugu, Lalm skule og kulturhuset. Lærarane likar å samarbeide, og i perioder lager vi framsyningar i lag.

Kva for ein dag dei ulike tilboda skal ha undervisning er ikkje heilt klart før til hausten, men onsdag er tradisjonelt ein dag mange lærarar er i sving.

Å vere elev i kulturskulen

Når du blir tatt opp som elev i kulturskulen, må du følgje reglane for kulturskulen. Den som får plass vil få eit «forventningsnotat» til elevar og føresette. Dette er det viktig å setje seg inn i. Notatet seier noko om frammøte, øving, motivasjon, samarbeid, gjensidig respekt og om oppfølging av eleven sin innsats og utvikling. Dei føresette må rekne med å vere med som hjelparar på framsyningar i blant, eller i perioder å bidra på ein eller annan måte. Dette går på rundgang mellom heimane.

Påmeldinga til kulturskulen er bindande!

Dersom du får plass i kulturskulen vil du få ei rekning for det første halvåret, uansett om du byrjar eller ikkje. Dette er av omsyn til kontraktar som ein inngår med lærarane, og økonomien til kulturskulen. Dersom ein vil melde seg ut, må ein seie opp plassen før 15. desember på mail eller sms, eller om våren på eige skjema som alle får tilsendt.

Kva tilbyr vi for skuleåret 2018/19*

(*du finn enno meir informasjon om tilboda på vaga.kommune.no)

Minikarusell

Eit gruppetilbod for dei nye 1. klassingane, med 6-12 elevar på gruppa, der ein i løpet av eit skuleår vil få smakebitar frå fire forskjellige fagområde:

- Musikk
- Dans
- Teater
- Formgjeving (teikning, måling m.m.)

Maxikarusell

Eit gruppetilbod for 2. klassingane, med 6-12 elevar på gruppa. Dette tilbodet har same inndeling i stasjonar og byggjar på same lesten som minikarusell, men nivået er litt høgare, og ein gjer litt andre aktivitetar på stasjonene.

Generelt om karusell

Karusell er meint som ein smakebit for dei yngste, som ein appetittvekkjar for seinare val av fag frå kulturskulen. På kvar stasjon vil det vere to lærarar, ein som har det faglege ansvaret, og ein som hjelper til med det praktiske.

Tilbodet vil truleg gå på torsdagar. Undervisningstaden varierer frå stasjon til stasjon, anten på aktivitetshuset eller Vågåmo skule. Tidspunktet for undervisninga vil bli bestemt etter avtale med foreldra, men vi pleier å starte med dei yngste rett etter at skuledagen er over.

Om det er elevar frå Lalm skule som melder seg på karusell, tek vi omsyn mtp tidspunkt, slik at dei også får bli med.

Vokalundervisning

- Barnekor: Dette er eit nytt tilbod for 2. årssteg og oppover

Her vil ein få songglede og moro i bønner og spann. Gamle songar, nye songar, norske songar, engelske songar – å syngje i lag med nokon er artig! Barnekoret vil truleg samarbeide med barneteater, og/eller dans for å lage ei framsyning i løpet av skuleåret.

- Vokalundervisning, individuell/ eller i mindre gruppe (frå 3. klasse)

Songelevane vil i perioder få tilbod om å samarbeide med elevar på bandinstrument eller andre instrument for å framføre musikk saman i eit band.





Instrumentalundervisning

Kulturskolen kan tilby musikkundervisning på mange forskjellige instrument. Lærarane bruker mange ulike musikkstilar i undervisninga, alt frå pop, vise, klassisk, folk, rock, jazz og gammaldans.

Elevane får undervisning individuelt, i små grupper og i større samspelgrupper i løpet av året. Vi prøver å arbeide med elevane på tvers av instrument mot konsertar, for å få variasjon og ulike erfaringer med samspel. Å spele saman er veldig artig.

Vi kan tilby opplæring på følgjande instrument:

- Fløyte (tverrfløyte) (frå 3. årssteg)
- Fiolin (frå 2. årssteg)
- Cello (frå 2. årssteg)
- Piano (frå 2. årssteg)
- Gitar (både akkustisk og el gitar) (frå 3. årssteg)
- Bassgitar (frå 3. årssteg)
- Slagverk (frå 3. årssteg) Dette tilbodet er retta mot dei som vil spille pop, rock, jazz m.m. i samspel med andre i band
- Djembe (frå 3. årssteg) Dette er ei litt stor tretromme med dyreskinn som blir nytta mykje i afrikansk musikk, men og i vestlig, rytmisk musikk. Brukast mykje saman med song. Elevane på djembe er med på samspelgrupper i perioder, saman med med bass, gitar, slagverk, vokal m.m.
- Trekkspel-og toraderundervisning (frå 3. årssteg) vil bli gjeve som eige undervisningstilbod i samarbeid med Vågå trekkspelklubb. Meir informasjon vil kome rundt skulestart. Har du spørsmål, ta kontakt med rektor Anita Moe



Korpsinstrument – Vågå skulekorps

Den som blir med i Vågå skulekorps vil få undervisning to gonger kvar veke, ei økt med samspel i skulekorpset og ei økt med undervisning i mindre gruppe. Skulekorpset vil ha eigne arrangement i tillegg til kulturskolen sine, td. turar, seminar, stevne, deltaking på 17. mai m.m.

I september dreg skulekorpset på korpstur til Tusenfryd utanfor Oslo på stort korpsarrangement saman med mange andre korps.

Å spele i korps er artig, lærerikt og sosialt!

Instrumenta ein kan velje mellom er:

- Kornett (frå 4.årssteg)
- Baryton (frå 4.årssteg)
- Trombone (frå 4.årssteg)
- Horn (frå 4.årssteg)
- Slagverk (for dei som vil spele i skulekorps) (4.årssteg)



Teater

Likar du å leike og skape i lag med andre? Vil du spele teater på ei scene? Da er teater noko for deg!

- Barneteater (frå 3. – 7. årssteg)

I teaterundervisninga lærer elevane å nytte kropp, stemme og kjensler for å uttrykke seg. Vi gjer teaterøvingar og har ein teaterproduksjon i løpet av året.

Elevane som går på teater vil erfare mykje. Heile tida jobbar vi mot tryggleik, og å tørre nye ting i fantasiens univers. Elevane lærer å sjå dei andre og seg sjølve.

Organiseringa i grupper/årssteg skjer når vi veit kor mange som melder seg på. Undervisninga går over eit år av gongen. Oppstart om hausten, avslutning etter framsyning i mars/april.

Foreldre hjelp til i arbeid med framsyningar: Kostyme, scenografi, rekvisitt, organisering.

I 2018/19 vil barneteaterrelevane truleg samarbeide med barnekoret og dans om ei framsyning.

- Ungdomsteater (frå 8. årssteg)

På ungdomsteateret vil vi også jobbe mot ei framsyning. I undervisninga vil vi arbeide med improvisasjon, teatersport, karakterarbeid, pantomime, tekstarbeid, song og stemmeøvingar, skodespelarteknikkar m.m. Undervisninga byggjar på erfaringar frå barneteaterarbeidet, men ein kan og vere nybyrjar.

Her er plass for alle og vi skal få det fint i lag!

Dans

Dansetilbodet i kulturskolen er moderne dans med element av jazzdans og kreativ dans for born og ungdom. Undervisninga er om lag 60 minutt kvar veke, på onsdagar. Gruppene blir sett saman etter tal på søkjarar, alder og nivå dersom det let seg gjere.

Gjennom danseundervisninga ønskjer vi å gje elevane danseglede og teknikk gjennom skapande og utøvande dans. Timane blir bygd opp av kreativt arbeid, teknikkøvingar og koreografi av høg kvalitet, der elevane får utforske og formidle dans aleine og i samspel med andre.

I løpet av skuleåret er elevane med på ulike framsyningar i regi av kulturskolen, regional danseframsyning på Otta saman med andre danseelevar i kulturskulane i Nord Gudbrandsdalen, og UKM. Dette skuleåret vil danseelevane truleg få vere med på felles forestilling med barnekoret og teaterrelevane.

- Dans for barn (frå 3. årssteg)
- Dans for ungdom (frå 7. årssteg)



Visuelle kunstoffag

I kunstundervisninga i kulturskolen vil elevane få prøve seg på ulike teknikkar og med ulike materiale for å utforske og oppdage egne evner og kreative idear. Teikning og måling er ein viktig del av undervisninga og inngår på fleire måtar. I tillegg vil vi også arbeide med andre materiale, også tredimensjonalt. Undervisninga legg vekt på arbeid med farge, form og komposisjon.

- Visuell kunst for barn (3. – 6. årssteg)
- Visuell kunst for ungdom (7. årssteg og oppover)

Oppsummering av tilboda:

Karusell

(smakebitar og grunnleggjande arbeid innan alle fire kunstretningane i kulturskulen, for dei yngste)

- Minikarusell (1. årssteg)
- Maxikarusell (2. årssteg)

Instrumental- og vokaltilbod

- Fløyte (frå 3. årssteg)
- Fiolin (frå 2. årssteg)
- Cello (frå 2. årssteg)
- Piano (frå 2. årssteg)
- Gitar, elgitar eller akustisk gitar (frå 3. årssteg)
- Bassgitar (frå 3. årssteg)
- Slagverk (frå 3. årssteg)
- Djembe (frå 3. årssteg)
- Vokalundervisning (frå 3. årssteg)
- Trekkspel og torader i samarbeid med Vågå trekkspelklubb. Meir info vil kome.

Korpsinstrument – Vågå skulekorps

- Kornett (fra 4. årssteg)
- Baryton (frå 4. årssteg)
- Trombone (frå 4. årssteg)
- Horn (frå 4. årssteg)
- Slagverk for skulekorps

Teater

- Barneteater (3. - 7. årssteg)
- Ungdomsteater (8. klasse og oppover)

Dans

- Dans barn (3. - 6. årssteg)
- Dans ungdom (7. årssteg og oppover)

Visuelle kunstfag

- Visuell kunst barn (3. – 6. årssteg)
- Visuell kunst (7. årssteg og oppover)

Atterhald om nok påmeldte på dei ulike gruppetilboda.

Vaksne er velkomne til å søkje på tilboda, men barn og ungdom har første prioritet.

Ved kapasitet vil det i løpet av året kome tilbud om workshops for vaksne. Dette vil bli kunngjort seinare.

Du kan og kontakte rektor Anita Moe, tlf 61 29 36 21, anita.moe@vaga.kommune.no, om du har spørsmål.



Praktisk info

Søknadsskjema

finn du på vaga.kommune.no (søk på Vågå kulturskule)

Søknadsfrist 10.juni

Treng du hjelp til utfylling, kontakt servicetorget, Vågå kommune

Prisar skuleåret 2018/19

Instrumental og vokalundervisning kr 1.375,- pr halvår
Korps (gruppe/individuell/samspel kr 1.375,- pr halvår
Teater, dans, kunst, karusell kr 1.200,- pr halvår
Barnekor kr 900,- pr halvår

Syskjenmoderasjon:

25% rabatt for barn nummer 2 og 50% rabatt for barn nummer 3.
Ein kan søkje om friplass, i samarbeid mellom NAV og kulturskulen.
Ta kontakt med rektor.

I noko av instrumentalundervisninga vil ein bruke lærebøker som undervisningsmateriale. Desse skaffar kulturskulen, men foreldra må koste det sjølve.

Instrumentleige

Kulturskulen har nokre instrument til utleige:

Fløyte
Cello
Fiolin
Gitar
Kornett
Trombone
Baryton

Tromme (trommesetta er utlånte pr i dag)

Eit ledig piano
Djembe

Prisen for å leige instrument er kr 200,- pr halvår det første året.

Kulturskulen har innført progressive satsar på utleige av instrumenta for å betre sirkulasjonen på instrumenta og for å kunne halde eit forsvarleg nivå på utleigeinstrumenta våre.

Kulturskulen sender ut leigekontrakt til dei som tilbod om å leige instrument.
Der står vilkåra for utleige og prisar utover det 1.året.